Sogndal idrettsråd
v/leiar Jan Erik Weinbach

Sogndal, 19.01.18

Innspel vedkommande reforhandling av leigeavtale for Sognahallen

Sogndal kommune og Sognahallen AS inngjekk i 1999 ein avtale kor Sogndal kommune forplikta seg til å yte årlege tilskot på til saman kr. 500 000 til Sognahallen i ein 20 årsperiode (beløpet er sidan justert etter konsumprisindeksen). Avtale ligg ved som bilag 1.

Som det går fram av punkt 1 i avtala, skulle kr. 250 000 dekke dei kommunale skulane sin bruk av hallen, medan dei resterande kr. 250 000 skulle dekke idrettsorganisasjonane i kommunen sin bruk. Tilskotet var opphaveleg tiltenkt å sikre idrettsorganisasjonane halltid og ei lågare og meir føreseieleg leige. Før avtalen kom i stand gjekk dette beløpet til Kontaktutvalget (forløparen til dagens Idrettsråd) som delte det ut til idrettslaga. Midlane har diverre ikkje fungert etter intensjonen, ettersom Sognahallen ikkje har kunne nyttast av breddidrettar utanom fotball og klatring. Dette trass i at Sognahallen vart bygd som ein fleirbrukshall, jf. avtalen.

Som døme på at hallen ikkje har vore ein fullgod fleirbrukshall, vil SIL trekkje fram at hallen etter kort tid viste seg å ikkje tilfredsstille krav til korkje lys, temperatur eller dekke for å avvikle handball-kampar. Alt i 2001 var handballgruppa i SIL heilt ute av Sognahallen, og tilbake i Idrettshallen, som følgje av dette. Av nyare døme viser vi til at både Taekwondo og Karate måtte sjå seg om etter andre lokale å trene i våren 2017. Gruppene opplevde at føresetnadene for å halde fram i Sognahallen vart endra «over natta», utan at dei vart varsla om endringane på førehand.

SIL vil også vise til Sogndal idrettsråd sitt høyringssvar i samband med sak om ny fleirbrukshall der idrettsrådet skriv at idretten har behovet for rimelege kår for idrett for barn og unge. Beløpet på kr. 250 000,- vil vere starten på ei opptrapping av langt større støtte til barneidretten enn Sogndal kommune har løyvd dei siste åra.

I 2018 går leigeavtalen for mellom kommunen og Sognahallen AS ut, og det går fram av økonomiplanen til Sogndal kommune at kommunen må reforhandle denne. SIL har allereie i møte med ordførar og kommunalsjef Ole Gunnar Krakhellen, samt i individuelle møte med dei ulike politiske partia, argumentert for at midlane som per i dag går inn i Sognahallen, no bør førast tilbake til Idrettsrådet. No ønsker SIL at også Idrettsrådet tek dette formelt opp med Sogndal kommune og argumenterer for at midlane vert ført tilbake til Idrettsrådet. Om Sogndal kommune vel å gjere dette ved å ta pengane ut av leigeavtalen med Sognahallen, eller ved å gi eit eige tilskot til Idrettsrådet, må bli opp til kommunen. Det viktigaste må vere at tilskotet vert ytt på ein måte som sikrar at det oppfyller føremålet. SIL meiner at Idrettsrådet er det organet som har størst kompetanse til å fordele midlane på denne måten.

SIL ber med dette om at Sogndal idrettsråd vidareformidlar desse synspunkta til Sogndal kommune i samband med at leigeavtalen no skal reforhandlast.

Med helsing,

Cecilie Thaule Løvlid
leiar i SIL